

Kristent Radioforum  
c/o Radio Øst  
Postboks 14  
1641 RÅDE

30. desember 2015

Medietilsynet  
Nygata 4  
1607 Fredrikstad

## **Høyringsuttale til forslag til endringar i forskrift om tilskot til lokalkringkastingsformål**

Vi viser til høyringsnotat frå Medietilsynet med forslag til endringar i forskrift om tilskot til lokalkringkastingsformål.

Innleiingsvis viser Kristent Radioforum til synspunkt på stortingsmelding 24 (2014-2015) *Rammevilkår for lokalradio i samband med digitaliseringa av radiomediet* der vi gav klart uttrykk for at det burde setjast av friske midlar til overgangen til DAB. Dermed var Kristent Radioforum skeptisk til at halvparten av den årlege potten i støtte til lokalkringkasting (om lag 13,5 millionar kroner) skulle setjast av til overgangen til DAB. Etter vår oppfatning vil dette svekka programproduksjon og utviklingsprosjekt for lokalradio.

Når Stortinget i juni gav tilslutnad til å bruka av denne potten slik departementet tilrådde, vil vi likevel gjerne gje mokre merknader til Medietilsynet sitt forslag til endring av forskrifta.

### **Målgrupper**

Vi støttar endringa som går i retning av ei meir plattformnøytral tilskotsordning slik det er skissert i kapittel 2.2 i høyringsnotatet. Kristent Radioforum meiner likevel at frittstående produsentar bør ha høve til å søkja om tilskot gjennom denne tilskotsordninga dersom dei har avtale med ein lokal kringkastar. Det er nok rett at den føreslåtte endringa har liten praktisk betydning og lite omfang. Men i visse høve har frittstående produsentar fått støtte til programproduksjonar. Dette har vore til glede for dei lokalradiostasjonane som har nytta desse produksjonane. Av den grunn tilrår Kristent Radioforum at også frittstående produsentar kan søkja om tilskot.

### **Investeringsstilskot**

Medietilsynet går inn for å at det vert etablert to former for tilskot til digitalisering av lokalradio; tilskot for digitalisering av lokalradioar og tilskot til anleggskonsesjonærar i Lokalradioblokka. Vi trur det er rett at både lokalradioar som leiger eller skal leiga kapasitet hjå anleggskonsesjonær i tillegg til anleggskonsesjonærar kan få investeringsstøtte. Det er sjølvsagt avgjerande at tilskot til anleggskonsesjonærar resulterer i redusert leigekostnad for dei radioar som leiger kapasitet i anleggsblokka.

På bakgrunn av stortingsmeldinga vil det vera rett å prioritera tilskot til dei delane av landet der det er avgrensa kommersielt grunnlag for utbygging i Lokalradioblokka. Vi vil likevel understreka at også for mindre lokalradioar i storbyane (i hovudsak ikkje-kommersielle stasjonar) kan det vera ei utfordring å dekkja kostnader med å leige sendarkapasitet. I høyringsnotatet vert det lagt opp til at Medietilsynet og Fagutvalet vil føreta ei skjønsmessig heilskapsvurdering av søknadene. Vi kan

støtta forslaget til paragraf 7 pkt d) «Prioritering av områder der det er et begrenset kommersielt grunnlag for utbygging» under den føresetnad av at det dermed kan gjevast tilskot til økonomisk svake stasjoner i storbyene i særskilte tilfelle.

### **Tilskot til nasjonale samanslutningar for lokale lyd- og biletmedium**

Kristent Radioforum støttar framlegget om at det i forskrifta ikkje lenger skal nemnast spesifikke organisasjonar i forskiftsteksten. Dette innebér naturlegvis at andre organisasjonar kan søkja om støtte. Etter vår oppfatning kan Kristent Radioforum vera eit døme på ein organisasjon som dermed kan verta kvalifisert til å få tilskot. Vi vil likevel understreka at ein organisasjon som Norsk Lokalradioforbund er heilt avhengig av støtte til sitt arbeid. Vi legg til grunn at denne organisasjonen ikkje får svekka sitt inntektsgrunnlag som følgje av den føreslåtte endringa.

Ut over dette har ikkje Kristent Radioforum merknader til høyringsnotatet om endringar i forskrift om tilskot til lokalkringkastingsformål.

Med vennleg helsing  
for Kristent Radioforum

Ivar Eiken  
styreleiar

### ***Kort om Kristent Radioforum***

*Kristent Radioforum (KR) vart stifta i 1992 og har som formål å ivareta dei kristne stasjonane sine særlege behov og rammevilkår. Forbundet arrangerer Kristen Radiokonferanse anna kvart år kombinert med årsmøte. For meir informasjon, sjå: <http://kristentradioforum.wordpress.com>. For tida er det 42 medlemmer i Kristent Radiforum. Styreleiar er Ivar Eiken.*